

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

19.desember 2013



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 19. desember 2013 kl. 11.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endringar i driftskredittramma

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen	Olin Johanne Henden
Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes	Reidun Johansen
Gunnar Berge	Gerd Dvergsdal

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen	Eigardirektør Ivar Eriksen
---	----------------------------

Også til stades

Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad	Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas
Underdirektør Helga Daae	

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold spurde om nokon hadde merknader til utsendt dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Endringer i driftskredittramma


Ved handsaming av Prop. 12 S (2013–2014) *Endringer i statsbudsjettet under Helse- og omsorgsdepartementet* er det vedteke å sette ned driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 680 mill. kroner frå 7 856 mill. kroner til 7 176 mill. kroner pr. 31.12.2013. Endringa skuldast at pensjonskostnaden er redusert med 100 mill. kroner og at pensjonspremien er 780 mill. kroner lågare enn tidlegare rekna med i 2013. Det er lagt til grunn at tilbakeført overskot frå pensjonskassene frå 2012 skal først til premiefond. Helse Vest RHF si del av nedjusteringa utgjer 129 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr 31.12.2013 blir satt ned frå 1 708 mill. kroner til 1 579 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 129 mill. kroner frå 1 708 mill. kroner til 1 579 mill. kroner.

Møtet vart heva kl. 11.35.

Oslo, 19. desember 2013



Frode Myrvold



Oddvard Nilsen

